

Sant er sandt kvar enn det stende
Skreve ut i noko bok,
snt er sant kvar enn det hende,
Boarkrig aa skottetog
Samt er sant um da er illa
Fælsleg stygt aa skammeleg
Sant er sant naar i da gilda
Folk i godlag øvar seg.

Sant kan være at ein byrja
Leva herso koseleg.
Er kje nøygd for noko syrgja
Rik han far aa rik er eg.
Sant kan være at ein dansar
Sutelaust kvar enda dag.
Sant kan være ein kje sansa
Live her – si største sak

Sant kan være at ein stridar
Varda seg for vondt aa stygt
Sant at ein so snart kan glida
Ingjenstad ein gjenge trygt.
Likasæle mange leva.
Som ein ikkje andsvar va.
Men daa ærleg mange stræva
Etter da aa leva bra.

Sant me sjaa kvarhelstme vandra
Feil aa fall me naaka faar
Undarleg seg alt forandra
So me meina da kje gaar.
Ja ein fell i mange maatar
Mot sin vilje mang ein gong
Tusindar i hjarta graatar
Etter løyning sut aa trong.

Rett aa sanning det me krevja
Da er sant eitt vislegt krav.
Fram til ditta vil me stevja
Ingjen vil me visa av
Folk so gjera ærelegt yrkje
maa den sanne vyrdnad faa
Nettupp dei er landets styrkje
Lit aa æra frammi.fraa

Lygn er lygn aa maa fordømast
Studt aa stadugt trakkast paa
Lygni aller maa berømmast
men si vanvyrd alltid faa.
Me hev nau av dei so lyga
Narra folk so mindre veit
Aa med lygni fram seg smyga
Bringa folk i bal aa beit

Aa kor gildt det vilde være
naar i sanning ein gjekk fram
Gjevna trevna gagn aa æra
Fremja millom mann aa mann.
Lygni kan aller skapa
Noko hyggja kvar me fær
Alti vil ein noko tapa
Paa sitt namn aa karakter.

Fatikfolk maa jamleg smyga
Sorg aa borg dei med seg dreg.
Freistast jamleg til aa lyga
Er kje kar aa greia seg.
Men vor ven vorherra seie
Satan han er løynens far.
Difor ganga sannings vege
Aa i trengdi være var.

Være i vort yrkje ærleg
Sann i gjerd aa sann i ord.
So vert sanning uundverleg
kvar me færast her paa jord.
Du vil alltid det faa røyna
Lygni den kjem illa med
Sanning aller seg vil løyna
Alltid den kan greia seg.

Um ein her hev turre beta
Aa lyt bala mangeleis
maa ein daa den sanning veta
Me er paa ei faarleg reis.
Verdi aa den verdsleg greie
Lettvint kan *forfjatla* os
Daattleg koma paa dei vege
Dei so ganga kross i kross.

Ingjen maa paa lygni ala
Eua hugjen faarleg den
Um ein smaatt i verdi bala
Daa med sanning lengst ein kjem
Sanningi vil altid vinna
Den hev vunne inntil no.
Aa paa slutten skal me finna
den vil vinna den vil gro.